

Kjøp garden på Valen!

Kvinnherad kommune og politikarane i kommunen vår har hatt tradisjon for å trø til når det er naudsynt. Slik var det i alle høve i tidligare tider, å på den tida då viktige verdiar og arbeidsplassar stod i fare for å vitra vekk. Vår gode ven og tidligare ordførar Aksel Kloster var ofte den kreative sjela bak desse tiltaka. Ære vere han for det! For ein korte periodar kjøpe kommunen - for så å selja vidare m.a.: Harding AS, Skaaluren AS og Halsnøy Verft AS til den "rette" kjøpar. No er det Valen sjukehus og Valegarden som står i fare for å bli tappa for kvalifisert kompetanse, tilbod til dei pasientane som trengje det, og viktige arbeidsplassar for kommunen. Har me hand om garden kan me saman med regionen koma opp med gode bruksområdet som det er behov for.

Kommunen vår er diverre ikkje no i den beste posisjonen til å vera ein aktør i ein "høgste bod" prosessen, men me må sjå på dette som ei investering. Ei investering for å sikra noverande og framtidige arbeidsplassar på Valen sjukehus, i Kvinnherad kommunen og for distriktet.

Som oppvaksten i bygda både veit eg at det som skil Valen sjukehus frå t.d. Haugesund sjukehus er garden på Valen, skogen, fjellet, strandlina, bygda Valen og ikkje minst bygdefolket som alltid har vore der for dei svakaste som trong dei. Me har over eitt hundre år tradisjon å ta vare på.

Det er ei ulykka for oss at me kom inn i Helse Fonna. Me må difor så snart som mogleg samla oss i eitt "Helse Hordaland rike" slik Hordaland Venstre har lagt opp til. Me trengje ikkje noko Harald Hårfager som var på Moster, me kan berre bestemma oss for å stå saman mot haugesundarane og dei som vil byggja ned Valen!

I Aksel Kloster si ånd vil eg oppmoda oss som har ynskje om å ta vare på det som betyr mest for oss alle, nemleg menneske – å gå i forhandlingar med Hordaland fylke om å få kjøpa Valegarden for ein rimelig penge. Så må me i saman med fagfolka på sjukehuset og leiinga på garden gje oss sjølv områdingstid til å få til noko som er bærekraftig – både på kort og på lengre sikt. Me er seint ute, men me er ikkje for seine!

Av Annemor Ekeland, styremedlem Kvinnherad Venstre.